

LINDÅS KOMMUNE

REGULERINGSPLANFØRESEGNER for:

Jf. plan- og bygningslovens (Pbl.) § 12

Detaljreguleringsplan for NAPPANE SMÅBÅTANLEGG, gnr 129 bnr. 4 m.fl. Plan-ID.

Datert : 02.09.2016

Revidert:

Reguleringsføresegnene gjeld for området vist med reguleringsgrense på tilhørende plankart i mål 1:1000, dagsett 02.09.2016.

Intensjonen ved planen er å legge til rette for etablering av ei småbåthamn.

Planområdet er regulert til følgende føremål:

Bustader og anlegg

(Pbl. § 12-5.1)

Småbåtanlegg i sjø og vassdrag

Småbåtanlegg i sjø og vassdrag
og tilhørende strandsone

Uthus/naust/badehus

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

(Pbl. § 12-5.2)

Veg

Annan veggrunn- teknisk anlegg

Annan veggrunn- grøntområde

Parkeringsplassar

Grøntstruktur

(Pbl. § 12-5.3)

Grøntstruktur

§ 1

FELLES FØRESEGNER

1.1. Terrenghandsaming

- 1.1.1. Parkeringsplass skal utførast mest mogleg skånsamt med omsyn til terreng.
- 1.1.2. Terrenghandsaming, planting og tilsåing langs parkeringsareal og vegkantar skal ferdigstillast samtidig med parkeringsplassen. Skjeringar over 1 meter skal ha avrunda topp.
- 1.1.3. Bruk av støttemurar, fyllingar og sprengingar skal vere avgrensa.
 - 1.1.3.1. Murar og skrentar over 1 meter skal terrasserast.

1.2. Anna lovverk

- 1.2.1. Dersom funn, gjenstandar eller konstruksjonar vert oppdaga i samband med gravearbeida, skal arbeidet stansast omgåande og fylkeskonservator underrettast, jf. Lov om kulturminne § 8, 2. ledd.
- 1.2.2. Etablering av småbåthamna krev løyve frå Bergen og Omland Havnevesen etter hamne- og farvasslova.

§ 2

REKKEFØLGJEFØRESEGNER

- 2.1. Før det vert gjeve midlertidig bruksløyve eller ferdigattest for småbåtanlegget skal f_SPP vere ferdig opparbeidd. Etter at f_SPP er etablert skal parkering av køyretøy berre skje på område avsett til parkering eller på eigen eigedom. Anna parkering vert ikkje tillate.

§ 3

BYGG OG ANLEGG

(Pbl § 12-5. ledd nr. 1)

3.1. Småbåtanlegg i sjø og vassdrag

- 3.1.1. Innafor området BSB kan det anleggjast småbåtanlegg med flytebrygger og bølgebrytarar. Det kan etablerast maksimalt 22 båtplassar.
- 3.1.2. Det kan etablerast bølgedemparar innafor føremålsgrensa der det er naudsynt.
- 3.1.3. Fortøyning av flytebrygga skal skje slik at tiltaket ikkje får unødige konsekvensar for ferdsel og fiske.
 - 3.1.3.1. Forankring av småbåtanlegget / bølgebrytarane skal ha tilstrekkeleg avstand frå registrert trålområde i Radsundet.

3.1.3.2. All fortøyning skal vere direkte til flytebyggjene / bølgedemparane.

3.1.4. Biloppstillingsplassar er på parkeringsplass f_SPP.

3.1.5. Tiltak i sjø må utførast utanom torsken si gytetid, som er mellom februar og april.

3.2. Småbåtanlegg i sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner

3.2.1. BBS1-2 er del av strandsona og landdelen av småbåtanlegget. Her er etablert kaier og båtopptrekk.

3.2.2. På kaia skal det være tilstrekkeleg plass til å kunne snu med traktor i samband med snømåking.

3.2.3. Strandsona skal vere tilgjengeleg for ålmenta. Det er ikkje tillat å etablere gjerde / levegg eller andre strengsler i strandsona.

3.3. Naust

3.3.1. Naustet BUN skal vere eit bygg/uthus i ein etasje med bruksareal (BRA) inntil 40 m². Eventuelt loftsrom skal ikkje ha måleverdig areal. Knevegg på loft er ikkje tillate.

3.3.2. Mønehøgda skal vere under 5 meter målt frå topp ferdig golv.

3.3.3. Vindaugsarealet si dagslysflate skal ikkje overstige 3 prosent av bruksarealet (BRA).

3.3.4. Altan, utkraging eller terrassar er ikkje tillate.

3.3.5. Naust skal ha saltak med ein takvinkel mellom 35° og 45°.

3.3.6. Naustet skal ikkje vere innreia eller brukt til varig opphald som bustad eller fritidsbustad.

§ 4

SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

(Pbl § 12-5. ledd nr. 2)

4.1. Veg

4.1.1. Vegen, o_SV1, er etablert, kommunal og offentleg.

4.1.2. Utkøyrsla, SV2, tilhøyrer gnr 129 bnr 4, 21 og 36.

4.1.3. Utkøyrsla, SV3, tilhøyrer gnr 129 bnr 21 og 48.

4.2. Annan veggrunn- teknisk anlegg

4.2.1. Kan nyttast til naudsynte grøfter, skjeringar, fyllingar, murar m.m.

4.2.2. Murar over 1 meter skal terrasserast.

4.2.3. Eksisterande avkjørsler kan gå igjennom «annan veggrunn – tekniske anlegg»

4.3. Annan veggrunn- grøntområde

4.3.1. Kan nyttast til naudsynte fyllingar. Arealet skal såast til og / eller vegeterast ved naturleg suksesjon.

4.4. Parkeringsplassar

4.4.1. Innafor f_SPP skal det etablerast parkeringsplass med 7 plassar i samsvar med kommunal parkeringsnorm (jf. §1.15, Arealdelen av kommuneplanen 2011 – 2023).

4.4.2. f_SPP er felles for dei som til ein kvar tid har båtfesterettar innafor BSB.

4.4.3. Ved realisasjon av Radsundet hyttefelt (Nappane gnr 129 bnr 5 planID 1263-19012007) skal avkjørsel til parkeringsplassen vere felles samt at siktlinjer skal sikrast.

§ 5

GRØNTSTRUKTUR

(Pbl. § 12-5. ledd nr. 3)

5.1 Grøntstruktur

5.1.1 G er avsett til grønntstruktur.

5.1.2 I område for grønntstruktur er oppføring av nye bygningar ikkje tillate.